



# Rein handlekraft

Handlingsprogram 2023-2027  
til Regional plan for fornybar energi i Vestland



## Innholdsfortegnelse

Innleiing .....	3
Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar. ....	4
Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet .....	5
Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har kutta klimagassutslepp i Vestland .....	6
Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi .....	6
Delmål 5 : Vi har stabil og positiv kraftbalanse.....	7
Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland. ....	8
Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen .....	9
Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste kraftnettet .....	9
Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland .....	10

## Innleiing

Dette dokumentet er det fyrste handlingsprogrammet til Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035, og har ei varigheit på 4 år. Det skal takast høgde for endra rammevilkår og difor kan fylkeetinget, gjennom årlege vurderingar, vedta å rullere handlingsprogrammet før 2027.

Regional plan for fornybar energi i Vestland har som hovudmål:

### **Vi har energioverskot frå fornybar energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.**

Til å følgje opp hovudmålet er det sett 2 plantema og delmål til kvart plantema, 9 i alt:

Auka produksjon frå fornybare energi kjelder	Robust kraftforsyning i Vestland
Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.	Delmål 5 : Vi har stabil og positiv kraftbalanse
Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet	Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland
Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland	Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen
Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi	Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste nettet
	Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland

Desse delmåla er utforma som strategiar i dette handlingsprogrammet og det er satt tiltak for å følgje opp måla og strategiane. Handlingsprogrammet skal sikra at vi når måla i den regionale planen for fornybar energi, og årsplanar kan utviklast for å sikre ressursar og plassere ansvar for gjennomføring av strategiane.

Det er regional planmynde som vedtek oppfølginga av ein regional plan, politisk mynde og handsaming skal til ei kvar tid følgje vedteke delegeringsreglement.

## Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdier.

Strategi	Tiltak	Aktører
1. Vestland fylkeskommune samarbeider på tvers av teknologiar og interesser for å skape ein kraftsituasjon som gagnar innbyggjarar og industri utviklinga i Vestland.	1.Følgast opp gjennom årsplan for berekraftig verdiskaping	Vestland fylkeskommune
2. I Vestland blir vasskraftverk oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga	2. Vestland fylkeskommune gjev fråsegn til oppgradering og utviding av vasskraftverk etter retningslinjer i plan for fornybar energi og vassforvaltningsplanen	Vestland fylkeskommune
3. Småkraftverk er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon	3. Vestland fylkeskommune gjev fråsegn til bygging av småkraftverk etter retningslinjer i regional plan for fornybar energi i Vestland og regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland Vassregion	Vestland fylkeskommune
4. I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i strid med kommunale vedtak	4. Vestland fylkeskommune vektlegg kommunale vedtak i vindkraftsaker.	Vestland fylkeskommune
5. I Vestland fylke har vi ikkje utbygd vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.	5. Gjennom uttalar til utgreiingar og utbyggingsplanar for vindkraftverk stiller Vestland fylkeskommune krav at utbygging ikkje skjer i områder som må vernast for ikkje å kome i konflikt med urørd natur eller på kostnad av viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.	Vestland fylkeskommune

## Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet

Strategi	Tiltak	Aktørar
6. Fylkesadministrasjonen opprettar møteplassar mellom administrasjonane i kommunane	6. Vestland fylkeskommune fasiliterer møteplassar for erfaringsutveksling i tema knytt til fornybar energi og inviterer kommunane til å delta.	Vestland fylkeskommune, kommunane
7. Vestland fylkeskommune legg til rette for solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar samt infrastruktur	7. Vestland fylkeskommune utarbeidar ein handlingsplan for solenergi på tak på fylket sine eigedommar. Ein brukar og verktøy som visar verdikjeda til teknologiane innanfor solenergi.	Vestland fylkeskommune
8. I Vestland har vi utvikla havvind i samråd med havbruk- og fiskeinteressene	8. Vestland fylkeskommune vektlegg interessene til havbruk og fiske når fråsegn kring havvind blir skrevet.	Vestland fylkeskommune
9. Vi brukar teknologiane innanfor termiske energikjelder i Vestland fylkes sine bygg der dei er best egna	9. Ved prosjektering av nye fylkesbygningar skal det vurderast termiske energikjelder og det skal visast investeringskostnadar og driftskostnadar i bygninganes levetid	Vestland fylkeskommune
10. I Vestland stimulerer vi til auka bruk av restvarme gjennom industriell symbiose	10. I kommunar med industriverksemd skal ein søke å utnytte restvarme frå verksemdene som har høg verdi for lokalsamfunnet. Gjennom Grøn region Vestland oppfordrar ein til industriell symbiose som tek i bruk restvarme.	Vestland fylkeskommune, kommunane, Grøn region Vestland
11. Vestland fylke bidreg til å realisere Trollvind	11. Vestland fylkeskommune gjev innspel i arbeidet med Trollvind for å sikra ei utvikling i tråd målet om ei robust kraftforsyning i fylket	Vestland fylkeskommune
12. Dei sirkulære verdikjedane som tek i bruk sekundærprodukt, avfall og andre overskotsressursar som innsatsfaktorar i bioenergianlegg styrkast	12.1 Bioenergi til varme i Vestland fylkeskommune sine bygg skal vurderast. 13.2 Der det er mogleg kan Vestland fylkeskommune leggje til rette for at biogass kan brukast i kollektivtransport. 13.3 Gjennom Grøn region Vestland oppfordrar ein til industriell symbiose kor bioenergi blir produsert og tatt i bruk.	Vestland fylkeskommune, Grøn region Vestland

### Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har kutta klimagassutslepp i Vestland

Strategi	Tiltak	Aktørar
13. Den auka produksjonen frå fornybare energikjelder bidreg til å erstatta fossil drivstoff i transport næringane	13. I Vestland fylkeskommune vektleggjast utsleppsfrie energiberarar, inkludert biogass, i anbodskonkurransar som omhandlar transport	Vestland fylkeskommune
14. Legge til rette for overgangen til låg- og nullutslepp for transport.	14. Enova støttar infrastruktur for biogass, batteri, hydrogen og ammoniakk i transport sektoren. Vestland fylkeskommune har egne og supplerande støtteordningar.	Enova Vestland fylkeskommune

### Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi

Strategi	Tiltak	Aktørar
15. Fornybare energikjelder er vurdert ut frå oppdatert kunnskap og teknologi gjennom planperioden	15. Vestland fylkeskommune oppdaterer kunnskapsgrunnlaget til regional plan for fornybar energi når ny kunnskap om dei enkelte fornybare energikjeldene er tilgjengeleg	Vestland fylkeskommune
16. Vestland fylke skal vere pådrivar for innføring av teknologiske løysingar som gjev høgast mogleg utnytting av dei fornybare energikjeldene.	16. Gjennom Grøn region Vestland skapar Vestland fylkeskommune møteplassar på tvers av industrier for å fremme teknologiske løysingar for fornybar energi.	Grøn region Vestland, Innovasjon Noreg, Vestland fylkeskommune
17. Teknologiu utviklinga innan havenergi skjer saman med lokal bedriftsutvikling og verdiskaping	17. Vestland fylkeskommune støttar og legg til rette for samarbeid mellom aktørar slik at teknologiu utviklinga innan havenergiene tek plass.	Vestland fylkeskommune, Invest in Bergen
18. Vestland fylke stimulerer til utvikling av fornybar energi gjennom utdanning, forskning og innovasjon	18. Støtte ordningar som er retta mot utdanning, forskning og innovasjon av fornybar energi blir vidareført og forsterka.	Vestland fylkeskommune

## Delmål 5 : Vi har stabil og positiv kraftbalanse

Strategi	Tiltak	Aktører
19. Vestland fylke legg til rette for auka produksjon av fornybar energi.	19. Gjennom fråsegn som er i tråd med retningslinjene til fornybar energi planen er Vestland fylkeskommune positiv til auka produksjon frå fornybar energi.	Vestland fylkeskommune
20. Samarbeid på tvers av teknologiar og interesser skapar ein kraftsituasjon som gagnar innbyggjarar og industri utviklinga i Vestland.	20. Gjennom Grøn region Vestland skapar Vestland fylkeskommune møteplassar på tvers av industriar for å fremme teknologiske løysingar for fornybar energi.	Vestland fylkeskommune, Grøn region Vestland
21. Utvikle samspelet mellom dei fornybare energikjeldene for å få eit robust kraftnett som aukar verdiskapinga i Vestland.	21. Gjennom fråsegn og politisk arbeid fremjar Vestland fylkeskommune utviklinga av fornybar energi og samspelet mellom energikjeldene forsterkast.	Vestland fylkeskommune, NVE og nettselskap
22. Vestland fylke tek ei aktiv rolle for at Trollvind blir gjennomført og tilfører meir kraft til fylket	22. Gjennom politiske vedtak legg fylket til rette for gjennomføringa av Trollvind prosjektet.	Vestland fylkeskommune
23. Gjennom eit samarbeid sørga for realisering av havvindproduksjon i havområda utafor Vestland	23. Samarbeide med sentrale aktører for å fremje havvind utanfor Vestlandskysten.	Vestland fylkeskommune, Havbyen Bergen, Grøn region Vestland, GCE Ocean, Energiomstilling Vest, med fleire

## Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.

Strategi	Tiltak	Aktører
24. Arbeide for ei utbetring av kraftnettet i heile Vestland. Utbetringa er vesentleg for ei robust kraftforsyning og moglegheit for likare prisar i dei tre prisområda som påverkar fylket.	24. Gjennom fråsegn til høyringar følger Vestland fylkeskommune opp dei vedtekne forslaga som omhandlar utvikling av kraftnettet i Vestland og sørger for at desse er i tråd med fylkets ambisjonar.	Vestland fylkeskommune
25. Arbeide for at forslagene i Strømnettutvalets innstilling blir realisert	25. Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til at forslaga frå Strømnettutvalet vert gjennomført.	Vestland fylkeskommune
26. Arbeide for at Statnett sin KVV Bergensområdet realiserast og at ytterlegare kapasitet i kraftnettet byggas så snart som mogleg	26. Gjennom fråsegn til utgreiingar og utbyggingsplanar tilknytt KVV Bergensområdet bidrar Vestland fylke at spenningsoppgraderingar er realisert innan 2030	Vestland fylkeskommune, Invest in Bergen
27. Bidra til at forbruksprognosar med rom for ny grøn industri blir lagt til grunn for nettutbygging. Tildeling må skje etter ei vurdering av potensiell verdiskaping og arbeidsplassar, ikkje berre etter «førstemann-til-mølla» prinsippet.	27. Bidra til at realistiske og offensive forbruk prognoser med høg elektrifiseringsgrad leggst til grunn for nettutbygging.	Vestland fylkeskommune, Invest in Bergen, kraftselskapa, med fleire
28. Fjerne flaskehalsar i kraftnettet i fylket.	28. Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til eit sterkare kraftnett i fylket	Vestland fylkeskommune



## Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen

Strategi	Tiltak	Aktørar
29. Auke mangfaldet av dei ulike fornybare energikjeldene i energisystemet.	29. Auke produksjonen frå dei ulike fornybare energikjeldene	Vestland fylkeskommune, NVE, energiprodusentane
30. Samarbeide på tvers av teknologiar og interesser for å skape ein kraftsituasjon som gagnar innbyggjarar og industriutviklinga.	30. Skape arenaer for industriell symbiose gjennom Grøn region Vestland sine definerte hubar.	Vestland fylkeskommune, Grøn region Vestland
31. Arbeide for eit skattesystem som realiserer ny fornybar kraftutbygging.	31. Vestland fylkeskommune gjev fråsegn som bidreg til effektauke og auka produksjon frå dei fornybare energikjeldene.	Vestland fylkeskommune

## Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste kraftnettet

Strategi	Tiltak	Aktørar
32. Forsking og kompetanseheving innan infrastruktur for energiberarar.	32. Ta i bruk Vestland fylkeskommune sine forskingsverkemidlar til å få fram ny forskingsbasert kunnskap knyt til infrastruktur for energiberarar	Vestland fylkeskommune, fagskulane, UiB, HVL
33. Vestland fylke har lagt til rette for overgangen til låg- og nullutslepp for alle transportformer, både på veg, i sjø og innan luftfart gjennom å støtta utbygging av infrastruktur som mogleggjer bruk av energiberarane batteri og hydrogen	33. Støtteordningar for ladeinfrastruktur og hydrogenberande til null utslipptransport etablerast eller vidareførast.	Enova, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune
34. Teknologitvillinga innan energiberarar skjer saman med lokal bedriftsutvikling og verdiskaping	34.1. Støtte bedriftsutvikling og forskingsbasert innovasjon. 34.2. Bidra til breie samarbeidsinitiativ for å få fram større satsingar med finansiering frå nasjonale og internasjonale verkemidlar.	Vestland fylkeskommune

## Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland

Strategi	Tiltak	Aktørar
35. Sikre tilstrekkeleg fornybar energi til dei grønne hubane identifisert i Grøn region Vestland	35. Gjennom operativ koordineringsgruppe for infrastruktur (OK3) i prosjekt Grøn Region jobbe for å sikre fornybar energi til hubane i Grøn Region.	Vestland fylkeskommune Grøn region Vestland
36. Sikre tilstrekkeleg overføringskapasitet til dei grønne hubane identifisert i Grøn region Vestland	36. Gjennom operativ koordineringsgruppe for infrastruktur (OK3) i prosjekt Grøn Region jobbe for å sikre kraft til hubane i Grøn Region. Sjå elles strategiar og tiltak under delmål 1-8.	Vestland fylkeskommune Grøn region Vestland